

Innkalling til årsmøte

i Nesheim sokn

Rett etter gudstenesta

i Nesheim kyrkje

sundag 1. mars 2026 kl. 11.00



Julafta 2025

Saksliste:

- 1. Godkjenning av innkalling og saksliste**
- 2. Val av møteiar, referent og underskrivar av møtebok**
- 3. Årsmelding for 2025**
- 4. Orientering om rekneskap for 2025**

Det vert kyrkjekaffi!

Velkomne!

Årsmelding for Nesheim sokn 2025

I 2025 har soknerådet hatt denne samansetjinga:

Leiar: Gøril Kvinge Nesheim

Nestleiar: Frode Kvamsøe

Kasserar: Håkon Øvstedal

Fellesrådsrepresentant: Anita Gullbrå

Fellesrådsrepresentant vara: Håkon Øvstedal

Skrivar: Solfrid Urke Nese

Geistleg representant: Sokneprest Frode Kvamsøe

1. vara: Lars Bjarte Nesheim

2. vara: Frøydis Gullbrå

Årsmøtet i 2025

Det vart halde årsmøte søndag 23. mars etter gudstenesta på Nesheim. Årsmelding vart godkjent, og rekneskapet orientert om.

Møter i soknerådet

Soknerådet har hatt tre møter og handsama 22 saker.

Soknerådet deler no ut kyrkjebladet for å spare porto.

Gudstenester

Det har vore halde 9 gudstenester i Nesheim kyrkje, med kyrjekaffi etter dei fleste gudstenestene. Me har hatt to dåpsbarn; Lina Konstanse Gullbrå og Freya Gullbrå Wiig. Utegudstenesta 17.august var i Beinhellaren.





Musikk/konsertar

Ruben Gjertsen tilbyr undervisning i piano/kyrkjeorgel. Han har to elevar. Undervisninga har i år vore i kyrkja på Dale grunna praktiske høve.

Fredag 7. november inviterte stiftinga Kely Mandresy i samarbeid med soknerådet, til føredrag og konsert. Frøydis Gullbrå og Svein Tollefsen, Hanna og Thor Olav Gullbrå stod i bresjen. Ingvar Wilhelmsen, mellom anna kjend for hypokonderklinikken, var invitert og hadde eit godt føredrag med tittelen; Sjef i eige liv. Kona til Ingvar; Rhoda Ondeng Wilhelmsen var og med og song. I tillegg song Hanna Gullbrå. Ein flott kveld. Inntekta gjekk til drift av Kely Mandresy sin skule på Madagaskar.



20. desember arrangerte Ruben Gjertsen adventskonert. Utanom Ruben teltok Asbjørns frå Modalen, Heidi Nesheim, Signe Nesheim, Kasper Nesheim, Guro Nesheim og Joanna Bergo.



Nesheim og Eksingedalen sokneråd skipa i år og til julekor. 16 deltok. Anna S. Bergo på piano på songen Nå er den hellige time og Heidi Nesheim på bass, Signe Nesheim på elgitar og Kasper Nesheim på trommer på O holy nigh.



Misjonsprosjekt – HimalPartner

Me støttar HimalPartner med ei offring i året. Kyrkjelyden støtter prosjektet mental helse/utdanning.

Kyrkjegardsdag

27. mai arrangerte soknerådet kyrkjegardsdag på gravplassen på Nesheim. Jostein Farestveit selde blomar frå Astrids gartneri i Modalen. Mange møtte fram. Servering av kaffi og kaker.

Nytt toalett

Me har i år fått nytt toalett! Det var opning den 19. oktober etter gudstenesta.



Tilsette i kyrkja, som gjer tenester i Nesheim sokn:

Sokneprest: Frode Kvamsøe

Sokneprest: Fredrik Hope

Vikarprest: Roar Strømme

Kantor: Ruben Gjertsen

Organist: Frode Raymond Vik

Kyrkjegardsarbeidar: Lars Bjarte Nesheim

Kyrkjetenar: Anne Synnøve Nesheim

Reinhaldar: Anne Synnøve Nesheim

Snøbrøyting: Magnar Nese

Frå statistikken for Nesheim kyrkje:

År	2022	2023	2024	2025
Tal gudstenester	8	9	8	9
Konsert	1	2	1	2
Deltakarar på gudstensester	196 (snitt på 24,5)	213 (snitt på 23)	276 (34,5)	248 (28)
Døypte	0	0	1	2
Vigsler	1	0	1	0
Gravferd/Bisetjing	2	0	2	1
Offer/kollekt	16.010 (2001)	19.753 (2195)	18614 (2327)	18332 (2037)

Nesheim,

Nesheim sokneråd

Gøril Kvinge Nesheim